

The background features a stylized landscape. The top half shows a blue sky with a gradient. Below the sky are several grey, angular mountain peaks. A white, narrow path or valley runs between two of the central peaks. The bottom half of the image is a solid green area representing a field or forest, with a light blue wavy shape at the very bottom representing water or a lake.

**Kommunal planstrategi
for
Etne kommune
2012-2016**

Vedteke i KS-sak 047/12, 19.6.2012

INNHALD

1. INNLEIING	4
2. PLANSYSTEM.....	5
2.1 Kommuneplan	5
2.2 Planinnhald.....	6
2.3 Ressursbruk og prioritering av planoppgåver	6
3. STATUS, UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR	7
3.1 Kommunesektoren si verksemd.....	7
3.2 Folketalsutvikling og busetting.....	9
3.3 Næringsliv og sysselsetting.....	9
3.4 Areal og transport	10
3.5 Miljø- og klima.....	10
4. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR	11
5. RETNINGSLINER FOR VIDARE PLANARBEID – FIRE FOKUSOMRÅDE.....	12
5.1 Nye planar som skal utarbeidast i perioden 2012-2015	14
6. OVERSYN OVER PLANAR – FRAMLEGG TIL VEDTAK	16
6.1 Gjeldande planar i Etne kommune.....	16
6.2 Prioritering av planar.....	16

1. INNLEIING

Utarbeiding av kommunal planstrategi er eit krav etter gjeldande plan- og bygningslov, og er forankra i plan- og bygningslova (PBL) § 10.1 :

”Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden” (PBL § 10, 1. ledd).

Etne kommune sin planstrategi skal vere staden ein avklarar behov og prioritering av kommunen sitt planarbeid for kommune(del)planar, tema og sektorplanar i åra framover. Strategidokumentet er ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar – desse høyrer heime i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planstrategien reviderast når det er behov for ei ny avklaring av plansituasjonen.

Kommunestyret *skal* gjennom vedtak av planstrategien ta stilling til om gjeldande kommuneplan heilt eller delvis skal reviderast eller vidareførast utan endringar, jf. PBL § 10-1 3. ledd. Planstrategien erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen frå PBL 1985. I tillegg *bør* ein, jf. Lovkommentar til PBL § 10-1, sjå nærare på utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø i kommunen som grunnlag for ei vurdering av planbehovet, drøfte hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi (prinsipp for romleg utvikling) og vurdere dei ulike sektorane sine planbehov.


Kapittel 2 gjev ein kort introduksjon til plansystemet i kommunen. I kapittel 3 ser me kort på status, utviklingstrekk og utfordringar for sentrale tema. Kapittel 4 ser på nasjonale forventningar til og regionale føringar for samfunnsutviklinga i kommunane. Kapittel 5 koplpar dei fire fokusområda frå målstyringsystemet i kommunen vår til hovudutfordringane frå kapittel 3, som gjev grunnlag for ei opplisting av planbehovet. Kapittel 6 gjev eit oversyn over gjeldande planar, og framlegg til vedtak for prioritering av planar i valperioden i Etne kommune.

Dokumentet er utarbeida i samråd med ei administrativ arbeidsgruppe, ei styringsgruppe beståande av formannskapet, og etter innspel frå statleg og regionalt hald.

2. PLANSYSTEM

Eit velfungerande plansystem bidrar til god og effektiv styring av kommunen. Politisk vedtekne planar sikrar ei demokratisk styring.

Det kommunale plansystemet



2.1 Kommuneplan

Kommuneplanen er kommunens overordna plandokument og skal vera styrande for all anna kommunal planlegging.

Planar knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen tek for seg langsiktige utfordringar, mål og strategiar for utviklinga av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon, på tvers av dei ulike sektorane. I ein eigen handlingsdel går det fram korleis planen skal følgjast opp.

Gjennom **tema- eller sektorplanar/ fagplanar** klargjerast målsetjingar og strategiar for ulike fagområde og sektorar i kommunen. Desse kan og utarbeidast som kommunedelplanar, som set større krav til planprosess og medverknad.

Handlingsplanar og prosjektplanar etter krav frå statleg hald knytt til gjennomføring og som vilkår for økonomisk tilskot, eller knytt til avgrensa tenester og prosjekt, vil det og vera behov for.

Planar knytt til kommuneplanen sin arealdel

Det kan utarbeidast arealplanar av ulik detaljeringsgrad. Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Planen skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa, og skal byggje på kommuneplanens samfunnsdel. Arealdelen kan utarbeidast som **kommunedelplanar** for deler av kommunen si geografiske utstrekning.

Ein **reguleringsplan** er eit detaljert plankart med planføresegner og planomtale. Det finnast etter detaljeringsnivå to typar reguleringsplanar, områdeplan og detaljplan. Private kan stille forslag til ein områdeplan, men har ikkje rettskrav til å få den behandla. Områdeplanar er kommunale. Private har rettskrav til å få behandla framlegg til detaljplan.

2.2 Planinnhald

Alle kommunale plandokument bør ha eit einsarta preg, med nokre hovudprinsipp for innhald og utforming. Dei bør innehalde ein utgreiingsdel med målsetjingar, og ein tiltaksdel der ein refererer til kommunen sin økonomiplan. Det bør utarbeidast malar for utforming av plandokumenta.

2.3 Ressursbruk og prioritering av planoppgåver

Før ein avgjer at det skal startast opp planarbeid må det avklarast kven som er ansvarleg for gjennomføringa av planprosess og utarbeiding av plandokument. Planbehovet i valperioden må vurderast opp mot kva ressursbruk som vert naudsynt og kva tilgjengeleg kapasitet ein har til planarbeidet. Allereie avgrensa ressursar i den daglege drifta i kommunal verksemd gjer at ein må prioritera kva planoppgåver som skal gjerast. Dette vil og innebere at ein må velje bort eller utsetje planar sjølv om ein ser behov for dei.

3. STATUS, UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

Kapitlet tek opp status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor kommunen si verksemd og for samfunns- og arealutviklinga i kommunen som heile. Desse utfordringane er grundig skildra i tekstdel til vedteke økonomiplan for Etne kommune 2012-2015, tekstdel til gjeldande kommuneplan 2003-2013, og i framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023 (vert vedteke i 2012), og blir her samanfatta til nokre hovudutfordringar. Ein syner til nemnde planar for ein nærare gjennomgang av status.

Ved revisjon av planstrategien kan ein i dette kapitlet supplere med nye tema eller fjerne dei som ikkje lenger er aktuelle.

3.1 Kommunesektoren si verksemd

Verksemda generelt

Status og utviklingstrekk:

Jf. økonomiplanen har fleire av einingane i kommunen ein del arbeidstakarar som nærmar seg pensjonsalder. Arbeidet med å halda på og rekruttera ny arbeidskraft vert viktig i åra som kjem. Rekruttering og kompetanseutvikling vil stå sentralt blant teknisk personell, i barnehagane, skulane og innan pleie- og helseområdet.

Den nye plan og bygningslova ser ut for å ha auka krava til planarbeid, og arbeidsmengda innan byggesak. Kommuneplanen står sterkare enn nokon gong. Den nye matrikkellova har gitt ein del meirarbeid.

Det er utfordringar knytt til vatn og avløp i kommunen. Arbeid med ny hovudplan for vassforsyning er i gong.

Hovudutfordringar:

- Rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft
- Nye krav gjev auka arbeidsmengde
- Korleis tilpasse kommunen sitt tenestnivå til endringane i folketalet

Barnehage og skule

Status og utviklingstrekk:

I heile kommunen er det i dag tre grunnskular: Skånevik, Enge og Rygg skule. Etter ein fallande tendens i elevtalet på skulane i kommunen frå 2000-2008 har det sidan 2009 vore ei klar auke i elevtalet på Enge, medan talet på dei andre to skulane har halde seg stabilt. Det er tre kommunale og ein privat barnehage i kommunen, og full barnehagedekning. Det er vedteke utviding av Skånevik barnehage.

Kultur, idrett, friluftsliv

Status og utviklingstrekk:

Det kommunale kulturtilbudet omfattar bibliotek, ungdomsklubb og kulturskule. Kyrkja ligg og under det kommunale ansvarsområdet til kulturavdelinga.

Etne kommune har over 100 lag og foreiningar, kino, museum, idrettsanlegg og i tillegg finnast ein rekkje regionale og interkommunale lag og foreiningar kor Etne kommune er involvert. Kultur- og idrettssenteret Skakke opna i februar 2012. Kulturminne finst det fleire av rundt om i kommunen. Det er og gode moglegheiter for eit allsidig friluftsliv her.

Hovudutfordringar:

- Aktivt nytta Etne sin styrke og potensiale innan kultur, kulturhistorie, idrett og friluftsliv for å auke eigen attraktivitet.

Omsorg, helse og rehabilitering

Status og utviklingstrekk:

Tenestene innafor desse felta står ovanfor utfordringar knytt til innføringa av Samhandlingsreforma. Kommunane får eit langt større ansvar for behandling og oppfølging av tenestemottakarane. Dette set krav til samarbeid på tvers av fag og einingar både internt i kommunen, men og gjennom økt interkommunalt samarbeid. Dette er ikkje unikt for Etne kommune, men vil vera ei hovudutfordring nasjonalt.

Me vil ha store utfordringar knytt til ei eldre befolkning, til rekruttering av kompetanse. Mykje tyder på at førekomsten av psykisk sjukdom er aukande. Kommunane forventast å ta ein større del av ansvaret for denne pasientgruppa etter kvart. Me vil trenge tilpassa bustadtilbod og tilrettelagde aktivitetar på dagtid.

Frå 1. januar 2012 trådde lov om folkehelsearbeid i kraft. Folkehelseperspektivet skal innarbeidast i alt planverk i større grad enn før. Me skal no "tenke helse i alt me gjer", jf statlege føringar. Ein skal og ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorar som kan verke inn på denne, jf. *T-1497 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (MD: 2011).

Hovudutfordringar:

- Rekruttering av nok kvalifisert personell til å ta vare på ei aldrande befolkning
- Ta vare på ei auka mengd psykisk sjuke
- Innarbeide folkehelseperspektivet i alt planverk

Interkommunalt samarbeid

Status og utviklingstrekk:

Etne kommune er involvert i fleire interkommunale samarbeidsprosjekt. Interkommunalt strandsoneprojekt for Sunnhordland, interkommunalt hjorteviltutval, vegplanlegging av ny E 134 er døme på dette. Slike samarbeid bør ein nytta etter kvart som det er føremålstenleg i planarbeid.

3.2 Folketalsutvikling og busetting

Status og utviklingstrekk:

Det er eit mål i gjeldande kommuneplan at kommune skal ha over 4000 innbyggjarar i 2013. Me er på god veg å nå dette. På midten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet var det rett over 4000 innbyggjarar i Etne kommune. Utover 1990-talet heldt folketalet seg stabilt, medan det sidan 2000 har vore i svak nedgang. Først frå 2008 har det vore ei positiv utvikling, og me er per 1.1.2012 oppe i 3963 innbyggjarar.

Det er ei auke i talet på eldre i kommunen, og det kjem til å auke i åra frå 2020 til 2030, jf. ssb sine framskrivingar. Aukande gjennomsnittsalder i kommunen og lite utsikt til barneproduserande familiar dei neste åra, gjev behov for å auka tilflyttinga til kommunen (ssb 2012). Sjå meir om folketalutviklinga i kommunen i kommune- og økonomiplan.

I tråd med mål i gjeldande kommuneplan ønskjer ein å auke og oppretthalde folketalet, og styrke busetnaden i Etne og Skånevik, samstundes som dei mindre grendene må oppretthaldast.

Hovudutfordringar:

- Oppretthalde auke i folketalet
- Fråflytting og sentralisering

3.3 Næringsliv og sysselsetting

Status og utviklingstrekk:

Næringsstrukturen i kommunen byggjer på historiske tradisjonar og industri er i hovudsak lokalisert til sjø, på Leknestangen i Skånevik og på Tongane i Etnesjøen. Varehandel er lokalisert til veg og nær andre funksjonar i sentrumsområdet. Ein finn og noko spreidd næring rundt om i kommunen. Landbruket står sterkt i kommunen.

Etne er ikkje ein like utprega pendlarkommune som blant anna Sveio, Sund, Samnanger og Askøy men har likevel ein god del utpendling, den største delen er til nabokommunen Vindafjord. Arbeidsløysa i Etne er lågare enn landsgjennomsnittet (ssb).

Etne er prega av eit solid, stabilt og relativt lokalt/regionalt næringsliv. Ein har mellom anna ein stor omsetning per innbyggjar når det gjeld detaljhandel. Me er mindre enn gjennomsnittet prega av bølgedalar, men har heller ingen "rakettar".

Fokus og kompetanse har tradisjonelt vore retta meir mot produkt/teneste enn "det å driva bedrift". Det er behov for meir administrativ kompetanse innan leiing og marknad.

Hovudutfordringar:

- Oppretthalde og vidareutvikle næringslivet i kommunen
- Ivareta næringslivet tilstrekkeleg i planarbeid

3.4 Areal og transport

Status og utviklingstrekk:

Der eit mål å ha klare, langsiktige grenser mellom utbygde område og landbruksområde, og her vert kartlegging av kjerneområde for landbruk viktig. Retningslinjer for langsiktig arealbruk bør fastsetjast.

Interkommunal plan for strandsoneforvaltning skal få juridisk verknad ved å takast inn i dei enkelte kommuneplanane.

Gong- og sykkelveggar, vegutbetring, trafiksikringstiltak og universell utforming er tema ein bør sjå nærare på i planarbeid.

Hovudutfordringar:

- Tilstreккеleg bustad- og næringsareal i sentrum av Etne og Skånevik som ikkje råkar konfliktfylte område
- Trafiksikring, vegutbetring, omlegging av E 134, samanhengande gang- og sykkelveggar

3.5 Miljø- og klima

Status og utviklingstrekk:

Energi- og klimaplan for Etne kommune 2011-2016 er vedteke i kommunestyret 21.6.2011. Denne ser nærare på energisituasjonen i Etne, status for klimagassutslepp, lokale konsekvensar av klimaendringar, kommunale verkemiddel og til slutt mål og tiltak for redusert energibruk og lågare klimagassutslepp. Planen er ny og kan reviderast i neste valperiode.

4. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR

Ulike stortingsmeldingar, statlege retningslinjer og rundskriv/brev frå departement gjev nasjonale føringar for planarbeidet i kommunen.

For planlegging etter plan- og bygningslova er dei nasjonale føringane summert opp i "T-1497 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging", der følgjande tema vert tekne opp:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

Ulike interkommunale planar, fylkesplanar og retningslinjer gjev regionale føringar:


- Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland (under utarbeiding).
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008
- Fylkesdelplan for areal- og transport på Haugalandet frå 2009
- Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010
- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland frå 2007.
- Fylkesdelplan for Sunnhordland
- Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2018)
- Fylkesdelplan for energi
- Arealpolitiske retningslinjer, Hordaland Fylkeskommune
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Forvaltingsplan for vassregion Hordaland 2010-15
- Fylkesdelplan for Sunnhordland (vedteken 20.10.2005)
- Fylkesdelplan Hamn (ny planprosess er starta)
- Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012
- Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet (ny regional plan starta opp)
- Fylkesdelplan Deltaking for alle - universell utforming 2006 - 2009
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004

Andre regionale føringar:

- Arealstrategi for Fylkesmannen si landbruksavdeling, 2010
- Strandsonestrategi for Sunnhordland, vedteken av kommunane i 2008
- Kommunal planstrategi – synspunkt frå Hordaland fylkeskommune, brev av 23. mars 2012

5. RETNINGSLINER FOR VIDARE PLANARBEID – FIRE FOKUSOMRÅDE

Kommuneplanen slår fast at Etne kommune skal vera målstyrt. Kommunen sitt arbeid med målstyringssystem og strategikart , vedteke i K-sak 060/11, er med å gje retning til vidare planarbeid. Målstyringssystemet til Etne kommune inneheld dei fire fokusområda *Brukar og Teneste, Organisasjon og Medarbeidar, Samfunn, og Økonomi*. (Økonomiplan Etne kommune 2012-2015)



Fokusområda i strategikartet er eit naturleg utgangspunkt for prioritering av planoppgåver framover. Me koplar hovudutfordringane frå kapittel 3 til fokusområda, og ser nærare på planbehovet.

Fokusområde A: Brukar og teneste.

- Leggje til rette for god offentleg tenesteyting, service og informasjon.
- Prioritere førebygging.
- Etne skal vera ein attraktiv kommune for barn og ungdom å bu, gå på skule og arbeida i.
- Etne skal ha forsvarlege og kostnadseffektive helse, sosial og omsorgstenester. Det vert lagt vekt på førebygging og livskvalitet og brukarane får ivarett sine grunnleggjande sosiale, psykiske og fysiske behov.

Hovudutfordringar: (heile verksemda, barnehage og skule. Kultur, idrett, friluftsliv. Omsorg, helse og rehabilitering)

- Rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft

- Nye krav gjev auka arbeidsmengde
- Korleis tilpasse kommunen sitt tenestnivå til endringane i folketalet
- Aktivt nytta Etne sin styrke og potensiale innan kultur, idrett og friluftsliv for å auke eigen attraktivitet.
- Rekruttering av nok kvalifisert personell til å ta vare på ei aldrande befolkning
- Ta vare på ei auka mengd psykisk sjuke
- Innarbeide folkehelseperspektivet i alt planverk

Planbehov: Kompetanse- og rekrutteringsplan er under utarbeiding i 2012. Ein innarbeider folkehelseperspektivet i alt planverk framfor å setje i gong med ein eigen folkehelseplan, jf. signal i møte med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune 26. mars 2012. Kulturplan.

Fokusområde B: Organisasjon og medarbeidar

- Etne kommune skal vera ein god organisasjon å arbeida i for serviceinnstilte og resultatorienterte medarbeidarar som gir kommunen godt omdøme.

Planbehov: Kompetanse- og rekrutteringsplan er under utarbeiding i 2012.

Fokusområde C: Samfunn

- Arbeide for ei utvikling av heile kommunen med fellesskap og trivsel, der alle kan delta ut frå sine føresetnader.*
- Arbeide for eit styrka og allsidig næringsliv, attraktive tomteområde, betre kommunikasjon og infrastruktur.*
- Etne kommune skal arbeide for å snu nedgangen i folketalet. Det er eit mål at kommunen i 2013 har over 4.000 innbyggjarar.*
- Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av arealressursane i kommunen, der ressursane skal nyttast til å styrka busetnad og næringsliv, og samfunnspolitiske målsetjingar elles.*
- Etne skal ha kultur som ein viktig del av næringsutvikling, identitetsskaping, livsutfalding og trivnad.*
- Etne skal vera kjent for vekst og verdiskaping i eksisterande og nye bedrifter.*
- Etne skal ha trygge og raske vegsamband både innan kommunen og inn/ut av kommunen*
- Etne kommune skal vere ein aktiv deltakar i regional utvikling og interkommunalt samarbeid.*
- Raske og tenlege kollektivtilbod.*
- Elektronisk samband skal vera tilgjengeleg for alle i Etne kommune på like vilkår.*

Hovudutfordringar: (Folketalsutvikling og busetting, næringsliv og sysselsetting, areal og transport, miljø og klima)

- Oppretthalde auke i folketalet
- Fråflytting og sentralisering
- Oppretthalde og vidareutvikle næringslivet i kommunen
- Ivareta næringslivet tilstrekkeleg i planarbeid
- Tilstrekkeleg bustad- og næringsareal i sentrum av Etne og Skånøvik som ikkje rår konfliktfylte område
- Trafikksikring, vegutbetring, omlegging av E 134, samanhengande gang- og sykkelveg

Planbehov: Kommuneplan -samfunnsdel. Kommuneplan -arealdel. Overordna ROS-analyse. Næringsplan. Kulturplan.

Fokusområde D: Økonomi

- Kommunen skal leggja vekt på og oppretthalde økonomisk handlefridom gjennom å ha tilfredsstillande netto driftsresultat og tilfredsstillande disponible fondsreservar.

- Etne kommune skal vere ein heilskapleg og målstyrt organisasjon med forsvarleg og kostnadseffektiv organisering og drift. Kommunen skal vere utviklingsorientert med gode etiske haldningar hjå politikarar og tilsette.

Planbehov: Vert ivareteke i budsjett- og økonomiplan.

5.1 Nye planar som skal utarbeidast i perioden 2012-2015

Ut frå hovudutfordringane i fokusområda frå kommunen sitt strategikart såg me at det no er naudsynt å utarbeide følgjande nye planar i perioden 2012-2015:

Kommuneplan – arealdel og samfunnsdel

Kommunedelplan for Etnesjøen – arealdelen, 2011-2023 blir vedteke i 2012 etter ein omfattande planprosess.

I formannskapet 24.1.2012 i FS-sak 004/12 vart det gjort følgjande vedtak om revidering av arealdel til kommuneplanen: " Etne kommune omgjer vedtak i sak nr. 007/09 i møte den 24.02.2009, og ein går no i gong med å revidera arealdelen i gjeldande kommuneplan for resten av kommunen under eitt. Tettstaden Skånevik skal sikrast fokus i planarbeidet. Formannskapet utgjer styringsgruppa for planen".

Plandokumenta for kommuneplan bør ein samla til eitt felles dokument etter revidering av arealdelen for heile kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel i gjeldande kommuneplan (2003-2013) med utfordringar, mål og strategiar for samfunnsutviklinga er på somme område ikkje oppdaterte med omsyn på endringar i kommunen og i gjeldande lovverk. Strategiane vart vedtekne første gong i 1998, og har ikkje vore særleg endra ved seinare revisjonar. Ein bør revidere samfunnsdelen slik at denne vert oppdatert til eit nyttig verktøy for samfunnsutviklinga. Den kan gjerne komprimerast og innhaldet spissast til nokre konkrete satsingsområde, og vise til tiltak som lar seg gjennomføre og måle.

Arbeidet med arealdelen for resten av kommunen er vedteke starta opp. Ein må vurdere om ein samstundes skal starta opp arbeidet med samfunnsdelen. Desse prosessane krev store ressursar mellom anna med omsyn på auka krav til utgreiing og medverknad, og ein må vere realistisk med omsyn på kva ein kan greie med dei ressursane ein har. Ansvar for gjennomføring må klargjerast og fordelast på førehand.

Overordna ROS-analyse

Kommunen har etter forskrift beredskapsplikt, og dette inneber krav om ein kommunal heilskapleg risiko- og sårbaranalyse og påfølgjande kriseleiiingsplan med bakgrunn i analysen. Denne bør utarbeidast i valperioden. Ein bør nytte kommunen sine akseptkriteria for ROS, vedteke i

kommunestyret i 2011, som gjeld for alt planarbeid i kommunen. Ein må innarbeide funn frå analysen i plan for kommunal kriseleiing og beredskap.

Strategisk næringsplan

For at Etne kommune skal drive ein aktiv næringspolitikk er det nødvendig med ein samla gjennomgang av kommunen sine strategiar og tiltak innan næringsutvikling. Tilgong på næringsareal må vektleggast. Vekst i næringslivet og arbeidsplassar bygger under overordna mål om å auke og oppretthalde folketalet. Relevant innhald:

- grunnlag for prioriteringar av næringsfond
- arealdisponeringar
- eigne og andre sine planar og prosjekt innan samferdsel
- arbeid med rekruttering, omdøme og tilflytting
- samanheng mellom nærings- og bustadmønster - transportbehov
- rolleavklaring næringsliv - kommune
- tydeleggjering av satsingsområde
- knyta saman ulike vilkår som påverkar utviklinga av næringslivet - i ein samla plan

Kulturplan

Gjeldande kulturplan er frå 1979 og ein ser behovet for ein ny plan. Ein må vurdere følgjande: Skal kulturplanen og inkludere ein kulturminneplan, ein plan for idrett og friluftsliv, eller ein plan for bibliotek, eller ingen av delane?

Interkommunal strandsonenplan

Etne kommune deltek saman med åtte andre kommunar i Sunnhordland i arbeidet med ein interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland. Planen skal vera styrande for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona i dei deltakande kommunane. Resultata skal innarbeidast og gjerast gjeldande juridisk i arealdelen til kvar enkelt kommune sine kommuneplanar.

Reguleringsplanar

Ein har vald å ikkje gjere ei vurdering på kva reguleringsplanar (detaljplanar og områdeplanar) som ein bør prioritere i valperioden, sjølv om både kommunale og private slike planar krev ein stor del ressursar. Dette må ein ha i tankane for å få ei realistisk prioritering og opplisting av planoppgåver som skal gjerast dei neste fire åra.

6. OVERSYN OVER PLANAR – FRAMLEGG TIL VEDTAK

6.1 Gjeldande planar i Etne kommune

Kommunedelplanar, tema
Kulturplan for Etne kommune, 1979
Kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv 1996-1999
Kommunedelplanar, areal
Kommunedelplan tunnel Skånevik – Etne, 2008
Tema og sektor-/ fagplanar
Landbruksplan for Etne, 2005-2007
Oversiktsplan for skogbruket i Etne kommune, 1999
IKT strategiplan for Etne kommune, 2004 – 2006
Strategiplan for Etne Bibliotek 2003 – 2006

6.2 Prioritering av planar

Tabellen under er framlegg til vedtak. Den viser framtidige planar, planar under utarbeiding, gjeldande planar med trong for revisjon (lovpålagte og ikkje lovpålagte), og året planarbeidet skal *startast opp*. Planbehov ut over perioden 2012 - 2015 tas opp ved neste revisjon av planstrategien. Prioritering: 1= Lovpliktig, må, eller vurdert som svært viktig. 2= bør. 3= Siste prioritet.

RULL/ NY/

Planar	2012	2013	2014	2015	Prioritering
Kommuneplan, samfunnsdel (lovpliktig, jf PBL § 11)					
Kommuneplan for Etne kommune 2006 - 2013, samfunnsdelen	RULL				1
Kommuneplan, arealdel (lovpliktig, jf PBL § 11)					
Kommunedelplan for Etnesjøen	RULL				1
Kommuneplan for Etne kommune		RULL			1
Kommunedelplanar, tema					
Overordna ROS-analyse (lovpliktig, jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2)	NY				1
Kommunedelplan for strandsona (frå interkommunal strandsonenplan)	NY				1
Kulturplan		NY			2
Kulturplan inkl. kulturminne					
Kulturplan inkl. idrett og friluftsliv					
Kulturplan inkl. bibliotek					

Tema og sektor-/ fagplanar					
Økonomiplan/ handlingsprogram kommuneplan	RULL	RULL	RULL	NY	
Trafikksikringsplan for Etne kommune, 2005-2013		RULL			1
Plan for kommunal kriseleing og beredskap (lovpliktig, jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4)	NY				1
Energi- og klimaplan for Etne kommune 2011-2016				RULL	2
Strategisk næringsplan		NY			2
Hovudplan for veg (skogsvegar)	NY				
Lønspolitisk plan 2007	RULL				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008-2011 (lovpliktig, jf Alkoholoven § 1-7d)	RULL				
Handlingsplan for rehabilitering 2007	RULL				
Hovudplan for vassforsyning	NY				
Handlingsplan for psykisk helse, 2012-2016	RULL				
Handlingsplan for fysio- og ergoterapitenesta i Etne kommune, 2012-2016	RULL				
Kompetanse- og rekrutteringsplan	NY				
Smittevernplan 2012	RULL				